

Nye Ålesund kommune – Prosjektgruppe 8 – kart oppmåling og matrikkel – Møtenotat 3.

Møtestad: Ørskog kommune, rådhuset.

Tid: 23.05.17, kl. 11.00 – 14.00.

Møteleiar: Per Anders Aure

Til stades: Bent Leite, Knut Berg, Sol Slinning, Kim Andre Breivik, Kjetil Grytten, Knut Helge Skare, Per Ander Aure, Lilly-Ann Kvamme, Beate Furstrand.

[Hovedtillitsvalgt Randi Otterlei hadde meldt forfall til møtet](#)

[Ingen hadde merknader til møtereferatet frå førre møte avholdt den 28.04.2017](#)

Tema	Beskriving	Ansvar/utførande
Yammer	Alle må registrere seg i Yammer. Oppdatert informasjon vil verte lagt her.	Alle
Mandat	Per Anders hadde motteke ein mandatmal som vart gjennomgått. Del 2 i mandatet ble gjennomgått punkt for punkt. Per Anders lager et 1. utkast til mandat med bakgrunn i drøftelser og notater gjort på møtet. Fyrste utkast skal vere ferdig til møtet den 2. juni . Endeleg mandata skal vere ferdig før sommarferien for vedtak i fellesnemnda i ca. august/september . Fellesnemnda skal oppnemnes 21. juni. Viser til 1. utkast i frå Per Anders som han har klart til møtet 2. juni.	Per Anders
ROS	Prosjektet skal ha ei ROS analyse som skal være del av mandatet . Sol lagar eit utkast til neste møte som gruppa jobbar vidare med.	Sol
Felles gatenamn/ Gatenamns- problematikk	Knut Helge har gått igjennom vegnamn lista og gitt namna fargekode ut i frå namnelikskap. Alle skal gå igjennom lista og sette opp tal på registrerte adresser for vegnamna som er markert. Dette skal sendast Knut Helge så snart som råd.	Knut Helge Alle
Felles gatenamnliste	Knut Helge er koordinator. Alle må sende nye vedtekne namn til han.	Knut Helge
Like gatekoder	Viser til referat i frå møte 28.04.17.	
Lokal adresseføreskrift	Viser til referat i frå møte 28.04.17.	
Fiktive gnr.	Viser til referat i frå møte 28.04.17.	
Kriterier for endring av gatenamn	Gruppa har tidlegare blitt einige om forslag til kriterier for endring av gatenamn. Kriteria bør vektast i viktigheit då gruppa ser fyrste kulepunkt som viktigast. Viser til referat i frå møte 28.04.17.	Alle

Saksgang ved endring av gatenamn	Det er usikkert kva mandat fellesnemnda vil få. Det vil vere vesentleg for gruppa sitt arbeid at fellesnemnda kan vedta kva namn som skal endrast og i kva kommune dette skal utførast. _Dette må formidles til møtet den 2. juni.	Per Anders
Forvaltningssystem – digitale kartdata (FKB) og sentral lagring	<p>I dag har kommunane ulike verktøy til kartforvaltning. Ein bør bli einig om eit felles verktøy for den nye kommunen.</p> <p>Når ein vert einig om eit felles verktøy for alle kommunane, som også vil være verktøyet for den nye kommunen og den nye, vil dette opne for sentral lagring kanskje allereie 1. kv. i 2018, dette dersom vi innen rimelig tid kan samle oss om en felles løsning.</p> <p>Det vil her vere vesentleg at kommunar som kan forvaltningssystemet bistår kommunar som får eit nytt system.</p> <p>Knut Helge har satt opp ei oversikt over forvaltningsansvar, programvare, lisensar og brukerar.</p> <p>Knut Helge har motteke tilbakemelde i frå eKommune Sunnmøre at ved innføring av WinMap til forvaltning av FKB så kan det være muligheter for at må ikkje dette ikkje skal dette ut på anbod.</p> <p>Det vart einigheit om at kommunar som har GisLine diskutera evt. overgang til WinMap til forvaltning av FKB i si kommune.</p>	
Prosjektmidlar	Per Anders har førespurt om midlar til kvalitetsheving av matrikkelen. Søknad lyt sendast etter at fellesnemnda er satt i august.	Per Anders
Neste møte	Neste møte vert på Harøya, 13.06.17. Ferje i frå Brattvåg kl. 08.55. Tilbake 15.30 evt. 17.05. Husk at Randi Otterlei får beskjed om dette møtet.	Per Anders

Formatert: Utheving